

## Tryggare i Kleivaldssvingen

28.03.2011



Det skal no monterast stålrekkverk i svingen

**I dag starta endeleg arbeidet med å gjera Kleivaldssvingen tryggare - på permanent basis.**

**I vinter har det vore ei mellombels løysing etter at den siste bilen køyrde ut der, men snart blir ikkje det mogeleg lenger.**



Det er envegskjøring medan arbeidet pågår.

Medan arbeidet pågår er det innført ljósregulering og einvegskjøring, men trafikken gjekk likevel smidig unna i dag. Det som førebels er skjedd er at den mellombelse sikringskanten av metall er flytta ut i fylkesvegen slik at det no er berre ei køyrebane.

Køyrerestriksjonane varar truleg vel ei veke.

På denne måten kan dei jobba uforstyrra langs hekken med å forlenga rekkverket omlag 25 meter. Dei graver seg ned 70-80 centimeter og støyper eit betongfundament for stålrekkverk.

Med unntak av støypinga er det lokalfirmaet Kvinnherad Maskinstasjon som har fått jobben. Støypinga vil truleg skje trundt helga.

E. Opedal & Søner fekk oppdraget av Statens Vegvesen og formidla jobben vidare.

Problemet Kleivaldalsvingen har vara heilt sidan 2002 fordi svingradiusen vart endra i samband med at det vart bygt gang- og sykkelveg.

Fleire gonger har bilar gått gjennom hekken og ned i hagen til familien Hauge då sjåførane ikkje har klart venstresvingen på veg sørøver.

Heldivis har

ingen vorte skada, men ungane har hatt forbod mot å opphalda seg ovanfor huset.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen